



TRE NYE I ROCKHEIM HALL OF FAME

Kari Bremnes, Morten Abel og Stage Dolls får plass i Rockheim Hall of Fame, melder NTB. Morten Abel har vore nominert til plassen fem gongar tidlegare, og Kari Bremnes to. Stage Dolls, som har halde på i 34 år, er nye på nominasjonslista og spelar konsert i lag med Return på Sentrum Scene laurdag. Trønderrockarane, sørledingen og nordlendingen vert innlemma 27. mai 2018.

Foto: Terje Pedersen / NTB scanpix



Den markante trubaduren og forteljaren Jim White er tilbake.

tet i ein gul taxi i den byen, og White skriv for tida på ei bok om noko av det. Eit par tekstar frå dette arbeidet har vorte publisert, og ein av dei fekk han ein Pushcart-pris for.

LIVSERFARING

Når du tek ein lytt til songane på *Waffles*, *Triangles & Jesus*, den sjettede soloplaten frå White, vil ikkje noko av dette overraske deg. White har eit heilt eige blikk mot verda – det ber i seg både spor etter alt han har sett, og alt han klarer å få auge på. Ein unik fantasi er balansert opp mot ei unik livserfaring, der det


mytiske er tett samanvove med det autentiske.

Enkelte arrangement er utruleg eigenarta: Lytt til den eventyrlige americanaen i «Prisoner's Dilemma», til dømes. Andre gonger er White heilt nedpå, som i avsluttande «Sweet Bird Of Mystery», skriven for 18 år sidan til ei dotter som no er vaksen. *Waffles*, *Triangles & Jesus* er ei vilter og vakker plate, full av dei kontrastane som gjer seg gjeldande i eit mangslunge menneskeliv.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

r om igjen



(it was) because i was in love
Sharon Van Etten

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Urkantoren

Weser-Renaissance gjev oss smakebitar frå verdas fyrste protestantiske korsongbok.

CD



JOHANN
WALTER:
**Geystliches
Gesangk
Buchlein**

WESER-RENAISSANCE; DIR.: MANFRED CORDES.
CPO 2017

Med god grunn er Johann Walter (1496–1570) blitt kalla protestantismen «urkantor». For som Luthers ven og viktige musikalske strateg var han med på å grunnleggja den stolte protestantiske kantortradisjonen som òg skulle prega den norske kyrkjemusikken. I Wittenberg i 1524 gav han og Luther ut *Geystliches Gesangk Buchlein* (Åndeleg songbok), som er den aller fyrste protestantiske korsongboka.

Det er tolv stykke for firstemmig blandakor frå denne songboka det tyske ensemblet Weser-Renaissance gjev ut på dette nye albumet, musikk dei syng med god intonasjon, tydeleg tekstuttale og vedunderleg framføringsflyt. I desse kunstferdige renessansekomposisjonane ligg salmemelodien alltid i tenorstemma, ikkje i sopranen (toppstemma), slik me er



Tenorstemma til Luther-salmen «Christ lag in Todes Banden» frå Johann Walters *Geystliches Gesangk Buchlein* (1524). Foto: Stiftung Luthergedänkstatten

vande med i vår tid. Mange vil dra kjensel på salmane. For dei blir sungne i lange, tydelege noteverdiar, medan motstemmene – dei som omslyngjer salmemelodien som frodig eføy – er komponerte i raske noteverdiar. Høgdepunktet for meg er *Christ lag in Todes Banden*, påskesalmen me finn som nummer 186 i *Norsk Salmebok* med tittelen «Jesus Kristus er oppstanden». Balansen mellom stemmene kunne her ikkje vore betre: Blåse- og strykeinstrumenta (som doblar songstemmene) utfører

fraseringane og betoningane sine perfekt etter tekstuttalen til songarane, og det heile går difor opp i ei større eining. Lurer du på kva som er det musikkhistoriske opphavet til J.S. Bachs mektige korkomposisjonar, dei som to hundreår seinare skulle bli høgdepunktet i den protestantiske kyrkjemusikken? Svaret høyrer du på denne CD-en.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Doggfrisk dâm

CD



WOLFGANG
AMADEUS
MOZART,
ARNOLD
SCHÖNBERG:

Mozart. Schoenberg
ENSEMBLE ALLEGRIA. LAWO 2017

JAMFØRINGAR: Mozart: Wiener Philharmoniker/Harmoncourt (Deutsche Grammophon 1984); Schönberg: Deutsches Symphonie-Orchester Berlin/Chailly (Decca 2003)

Det er utruleg at Wolfgang Amadeus Mozart (1756–1791) makta å skriva eit så lyst og sorglaust verk som *Sinfonia concertante i Ess-dur*, KV 364, når me tek omstenda i augsyn: Året var 1779, og han hadde lagt ut på ei lite vellukka ferd til Paris, der mora – hans einaste reisefylgje – døyde, og 23-åringen stod einsam att. Solistane til det norske Ensemble Allegria spelar dette fyrste verket på plata si livfullt og presist, men i orkesteret er der somme stader litt teknisk rusk. (Eg tenkjer til dømes på horninnsatsen midt i andresat-

sen og somme av fiolininnsatsane.)

Det andre stykket på plata er av Arnold Schönberg, nemleg strykeorkesterversjonen av *Verklärte Nacht*, op. 4, frå 1899. Stilistisk soknar dette verket til seinromantikken og ikkje den beinharde modernismen komponisten utvikla i byrjinga av 1900-talet. Verket er eit «symfonisk dikt», for det byggjer på eit dikt med same namn av *fin de siècle*-poeten Richard Dehmel (1863–1920). Handlinga er denne: Ei kvinne

og kjærasten hennar vandrar gjennom ei stjerneklar natt. Ho tilstår at ho har vore utru, men mannen tilgjev henne og lovar at han skal elska både henne og barnet ho ber på, som er avla av ein annan. Ensemble Allegria spelar her ypparleg, særleg mot slutten, der dei får til ein vedunderleg transparent orkesterklang – ein dâm av noko doggfriskt som ber bod om ein at ny dag er i emning.

SJUR HAGA BRINGELAND



Med sigarett og blyant ved klaveret: den austerriske komponisten Arnold Schönberg (1874–1951). Foto: Wikimedia